


Returdresse:  
Pirion  
Næringsbedet  
i Vatlandsvåg  
4235 Hebnes  
N O R E G



www.pirion.no

## PIT PARION

# NYORD I EIT KULTURELT MANGFALD?

**D** Her om dagen fekk eg høyra ei fortelling frå ein barnehage. Ei jente på 5 år sat og teikna. Det er forresten naudsynt å nemna at foreldra til denne jenta kjem ifrå Afrika. Altså, jenta hadde



**TRUDE HOEL ER:**  
universitetslektor ved  
Nasjonalt senter for  
leseopplæring og lese-  
forskning, Lesesenteret, ved  
Universitetet i Stavanger

teikna ei teikning, og ho gjekk bort til ein vaksen og overrekte teikninga som gave. Det er òg viktig å nemna at denne vaksne er av norsk opphav. «Her er eit bilete av deg når du har det fint,» sa jenta. «Å, så flott,» sa den vaksne. «Kva er det eg gjer, då?» «Du ligg

på stranda og solar deg, for det likar folk med hudfarge å gjera,» svara jenta. «Folk med hudfarge»... Har ikkje alle folk hudfarge, då? Rett nok vil hudfargen variere. Nokon har lysebrun hudfarge, medan andre går over i mjølkekvit; nokon har ein gyllen glød medan andre har eit meir blåleg skjær. Dette veit sjølvsagt alle. Det er altså ikkje hudfargen som har endra seg, men meningsinnhaldet i ordet hudfarge har skrumpa inn og blitt til ein særskild farge. Hudfarge er no nemninga som blir brukt om fargenyansen me finn mellom aprikos og off-white.

«Kan du senda hudfargen?» høyrer ein når ungar sit og teiknar saman. Og alle veit kva slags farge som blir etterspurd. Dette gjeld ikkje berre barn. Etter at eg blei merksam på nyordet (som altså ikkje har eit

nytt uttrykk, men eit nytt innhald), har eg òg sett at fargeblyantar i velassorterte hobbybutikker er kategoriserte under same nemning. Her ligg *raud, oransje, aprikos og hudfarge* fint delt opp i kvar sine boksar med prislappar på.

Eg synest ikkje det er greitt at ordet hudfarge berre skal gjelda for ein spesifikk farge. Derfor har eg bestemt meg for å prøva å gjera folk merksame på skiljet. Når eg høyrer folk bruka ordet på feil måte, kan eg til dømes spørja: *Hudfarge, seier du. Kva slags hudfarge meiner du då? Er det kanskje bleik du meiner?* Å snakka om hudfarge kan kanskje vera med på å gjera oss meir bevisste – både på språk og på anna mangfald.

## Korleis skapar me ein kulturbarnehage?

### OM KURSET

Kulturavisa Pirion tilbyr kurs i kulturformidling for tilsette i arnehage og småskule og elles andre som arbeider med små barn.

Kurset skal vere med å bevisstgjera dei vaksne på kva kultur ein ønskjer å formidle og syne korleis den lokale kulturen og historia er eit godt grunnlag for dette. Samstundes blir det praktiske øvingar som dei

vaksne kan ta med seg i sitt vidare arbeid. Pirionkurset passar for både små og store grupper. Kurset varar mellom 6 og 8 timar.

### OM PIRION

Stiftinga Pirion gir ut kulturavisa Pirion åtte gonger i året. Me bidreg og fast til Fagbladet, seksjon kyrkje, kultur og oppvekst, åtte gonger årleg. Pirionkursa er eit tilbod me har til alle, heilt uavhengig av abonnement.

### OM KURSHALDARANE

Kurshaldarane våre har brei erfaring frå folkemusikk, forteljarstudium, kulturskule og kulturliv generelt.

### KONTAKT:

Vil du tinga kurs eller få meir informasjon, ta kontakt med Astrid Eidhammer Hjelmeland: tlf: 52 79 04 84 / 97 19 47 88 (måndag og tysdag mellom 9 og 15) epost: pirion@norsk-plan.no

**Pirion**-kurs

**Pirion**

Tips oss på [pirion@norsk-plan.no](mailto:pirion@norsk-plan.no) Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og [www.pirion.no](http://www.pirion.no)

PIRION ER STØTTA AV, KUNNSKAPSDEPARTEMENTET, FAGFORBUNDET OG LNK PIRION /2010, 11. årgangen – ISSN 1502-3036 Utgivar: Stiftinga Pirion Adresse: Pirion, Næringsbedet i Vatlandsvåg, 4235 Hebnes Tlf: 52 79 04 82, faks 52 79 04 81. Heimeside: [www.pirion.no](http://www.pirion.no) Ansvarleg redaktør: Astrid Eidhammer Hjelmeland, tlf 52 79 04 84, mob. 97 19 47 88 E-post: [pirion@norsk-plan.no](mailto:pirion@norsk-plan.no) Korrektur: Dag Gjerde Formgeving: Salikat design

nr. 2 - 2010  
**Pirion**  
- kulturavis for barnehagar og skular



- Kvar er trollet?  
Spenninga stig, og barna peikar. I Øyrane barnehage blir dei yngste barna inviterte med i dialog rundt lesinga. Dette gjer ungane kompetente, meiner forskar Ingeborg Mjør.

TEKST OG FOTO: INGRID HILLESTAD

**SKAPER engasjerte  
LESARAR...**

# ...har DIALOG rundt bøkene

-Når dei vaksne forventar at barna skal vere aktive og gå i dialog, så gjer dei nettopp det. Ungane ven seg til å ta stilling og til å reflektere over det dei les. Dette er dei tente med både på kortare og lengre sikt, seier Mjør.

**H**o disputerte i desember med avhandlinga *Høgtlesar, barn, bildebok. Vegar til meining og tekst*. I avhandlinga har pedagogen og forskaren, tilsett ved Universitetet i Stavanger, analysert videoopptak av ungar på mellom eitt og to år som blir lesne for av vaksne.



Ingeborg Mjør har forska på korleis bøkene kan vere med på å aktivere barna sine egne erfaringar.

## LÆRER SPRÅK

Sjølv om desse minste ungene knapt har språk, er dei aktive med peiking og kroppsspråk, og når dei snakkar, er dei avhengige av vaksne som støttar og forstår dei ut frå situasjonen dei er i. Dette erfarer Hanne Spilde, nyutdanna pedagog ved ei av småbarnsgruppene i Øyrane barnehage i Arna

- Barnehagen kan spele ei nøkkelrolle for dei barna som ikkje har lesing som ein del av heimekulturen.

(Ingeborg Mjør)

Hanne Spilde engasjerer seg i og skaper dialog rundt lesinga for dei yngste barna i Øyrane barnehage.



© Ingrid Hillestad

ved Bergen. Ho opplever korleis høgtlesinga stimulerer språkutviklinga hos dei yngste.

— Vi har dialog med ungene om bøkene sjølv om dei ikkje har så mykje språk. Dei peikar. Etter ei stund kan dei seie ordet for

det dei peikar på, forklarar Spilde.

Ho får støtte av Mjør:

— Høgtlesinga og den litterære teksten representerer eit meir avansert språknivå. Slik blir dette noko barnet kan strekkje seg etter.

Utfordringar i teksten er med på å bygge opp barnet si evne til å fortelje, seier forskaren.

## FÅR KOMPLEKS FORSTÅING


Det å lese same boka om igjen og om igjen kan også vere stimulerande for dei minste.

— Dette gir ungene ei meir kompleks forståing, forklarar Mjør.

Dette halvåret er det eventyr som står på programmet i Øyrane barnehage. Berre to eventyr blir lesne i løpet av eit halvår. No er det *Bukkene bruse* dei arbeider med. Barna lærer kjenneteikn ved sjangeren og ved forteljestrukturen, og dei blir stadig meir engasjerte, erfarer pedagog Spilde. Ein annan ting dei lærer gjennom lesinga, utdjuvar Mjør, er samanhengar mellom fiksjon og egne erfaringar og interesser.

## BARNA KJENNER SEG IGJEN

Mjør er oppteken av korleis nettopp bøkene kan vere med på å aktivere barna sine egne erfaringar. Informantane hennar las mellom anna ei bok som heiter *Påls smokk*. Mjør ser korleis barn responderer ved å vise at dei sjølve har eit personleg og



kanskje emosjonelt forhold til det å bruke smokk. Ein gut tok til dømes sin eigen smokk ut av munnen og la han oppå eit bilete av smokken i boka. I videoopptaka ser ho korleis dei vaksne spelar aktivt på barna sine røynslar. Dei seier til dømes til ungen medan dei les: «Du har også smokk. Sant det er godt med smokk?». Vidare viser dei til erfaringar med dyr, leik og aktivitetar, alt etter kva som rører seg i biletboka. Vaksne synest å meine at det betyr noko posi-



To av eventyra står på programmet i barnehagen dette halvåret. Dei blir lesne om igjen og om igjen.

i korleis dei skal forstå, seier Mjør, det kan dreie seg om logiske samanhengar, humor og dramatik, og barn lærer å sympatisere med hovudpersonane.

Noka nøyaktig oppskrift på korleis høgtlesaren bør gå fram, har forskaren ikkje komme fram til. Det finst fleire leseårar.

- Dei vaksne spelar ei nøkkelrolle for korleis barn utviklar seg som lesarar, held Mjør fram.

(Ingeborg Mjør)

## BARNEHAGEN VIKTIG

Informantane hennar høyrer alle til den såkalla utdanna middelklassen. Dei blir såleis ikkje heilt representative for befolkninga elles. Mjør sine informantar har lesing som ein viktig del av heimekulturen. Ikkje alle har det. Pedagogen i Øyrane barnehage erfarer at det kan vere utfordrande å få med dei ungene som ikkje les heime.

— Barnehagen kan spele ei nøkkelrolle for dei barna som ikkje har lesing som ein del av heimekulturen, framhevar Mjør.

Gjennom den dialogiske høgtlesinga kan barnehagen gjere sitt for å støtte barn si utvikling når det kjem til språk, refleksjons- evne og sjangerforståing.

tivt for ungene si interesse og forståing å aktivere egne erfaringar.

## HØGTLESAREN RETTLEIAR

Høgtlesaren får mykje fokus i avhandlinga til Mjør, og ho interesserer seg for strategiane han eller ho tar i bruk. Dei fleste frigjer seg frå teksten og fortel meir fritt, både i ord og med bruk av kroppsspåk.

— Høgtlesaren rettleiar ungene

i avhandlinga kallar ho høgtlesarane sine for motiverte høgtlesarar. Det er nettopp dette som er viktig, meiner Mjør: at dei vaksne er motiverte og engasjerte når dei les for dei små.

— Ein må forvente deltaking frå barna og positivt stadfeste dei når dei er aktive. Dei vaksne spelar ei nøkkelrolle for korleis barn utviklar seg som lesarar, held Mjør fram.



## Rampete Robin - Lydbok

Av Francesca Simon  
Omsett av Dagny Holm,  
lest av Espen Beranek Holm  
2009

Rampete Robin feirar Halloween på sin eigen måte; han driv både foreldre og barnevakter til vanvit og plyndrar Gretne Grete sin hemmelege klubb. Robin fortener nemleg namnet sitt, han er rett og slett rampete.

Det er Espen Beranek Holm, mest kjent som komikar frå program som Hallo i uken i NRK P2 og TV-programmet Løvebakken på NRK, som fortel historiene om *Rampete Robin* på lyd- bok. Han har eit imponerende og variert repertoar av stemmer og fortel med eit så sterkt engasjement at ein lett kan leve seg inn i historia. Og alt saman er gjort med ein ekte guteaktig og rampete tone. Dette er historier mange små gutar kjenner seg att i.

Her er mange karakterar å bli kjent med, og alle har dei skildrande namn. Storebror Perfekte Peter likar å leggje seg tidleg og gjer aldri noko gale, Nifse Nina er barnevakta som alle fryktar, medan Gretne Grete aldri blir i godt humør. Det er lett å finne tydelege karaktertrekk i personane, noko som gjer at det er lett å skilje mellom karakterane, også for dei minste. Samstundes blir det kanskje litt for lett? Ingen er vel alltid sinte eller alltid snille?

Historiene er tøffe og passar nok best for gutar og jenter frå 5-årsalderen og oppover. Lydboka varer i nesten ein time og er delt inn i fleire små kapitlar. Kvart kapittel har ei eiga historie, slik at ein ikkje treng å høyre heile boka samanhengande.

Forteljingane er også humoristiske, og det er tett mellom dei gode poenga som får deg til å le. *Rampete Robin* er truleg ei forteljing heile familien kan ha glede av å høyre på i bilen. Eller kanskje det kan bli ei kjekk lita lyttestund i barnehagen?

Judith Sørhus Litlehamar